



Sindre Aksnes spela på så mangt...

Du grønne, glitrende tre innleia Jazzverket sin kyrkjekonsert i Kvinnheradkyrkja i kveld som 300 overvar. Det var naturleg både fordi juletreet står i sentrum for julemarkeringa i bygda i år, men også fordi konserten må få karakteren GLITRANDE.

Frå før veit vi at Jazzverket held ein imponerande standard men ikveld var denne ytterlegare heva, ikkje minst med tenorsaksofonisten Ole Jacob Hystad frå Stord og to talentfulle ungdommar frå Uskedalen - Vegard Døssland på trompet og Sindre Aksnes på perkusjon.



[Vegard trivdes saman med Hystad](#)

Det var tydeleg at Vegard vart både imponert og inspirert der han stod saman med Ole Jacob i bakre rekka, men han hevda seg særst godt med sine mange soloar samanlikna med meistaren. Sindre hadde denne gongen eit mangfoldig og krevjande program som han kom igjennom med bravur. Også xylofonen beherska han.



Pianistane hadde duell

Det var ikkje mange ledige plassar i den 750 år gamle kyrkja som nok er det beste konsertlokalet i Kvinnherad. Det betyr at rundt 300 fekk ei konsertoppleving av nasjonal standard. Det er truleg lenge sidan det er avvikla ein så god konsert på våre kantar når ein unntar solokonsertar av musikarar på Norgestoppen.



Dei 3 kvinnelege vokalistane fylte ut kvarandre sangleg sett

Programmet var svært allsidig. Blant dei 15 numra fann ein sjølvsgagt julesongar og salmar, men også standard-jazz, balladar og folketonar 3 lokale songarar imponerte med sin store variasjon, dei var Ananda Gopi Storegjerde, Vivi-Ann Brede og kvedaren Magnhild Berge. Torkjell Nerhus, ein av Verket sine uslitelege gründarar, var sjølvsgagt sikker bak trommesettet også denne gongen, i likheit med bassist og gründar Stein Haugen. Pianistane Bjarne Øymyr og Ivar Baste boltra seg verre i pianoduell .

Vi tør sjølvsgagt ikkje setta opp noko rankingliste, men Du grønne glitrende i arrangement av Øymyr gjorde eit sterkt, ja faktisk eit monumentalt inntrykk. Det samme gjorde Brorsons Mitt hjerte alltid vanker.

Samla sett vart kvelden ei rik oppleving, som Jazzverket sjølv uttrykte håp om i velkomsthelsinga.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen